

KOMMUNEDELPLAN FOR KUNST OG KULTUR 2010-2020



Utkast Planprogram

Innhold

Forord.....	3
1 Planprogram.....	4
2 Bakgrunn for kommunedelplanen	4
3 Føringer og referansar for planarbeidet.....	4
3.1 Nasjonale føringer	4
3.1.1 Lover.....	4
3.1.2 Stortingsmeldingar	4
3.1.3 Lokalt kulturliv i endring.....	5
3.1.4 Rundskriv om satsing på barn og unge.....	5
3.1.5 Kulturløftet I & II (2005-2009 & 2009-2014)	5
3.1.6 Tilskots- og støtteordningar i regi av ulike nasjonale instansar	5
3.2 Regionale føringer	5
3.2.1 Bærekraftige Telemark.....	5
3.2.2 Midt- Telemarkrådet & Midt- Telemark Næringsutvikling.....	6
3.3 Kommunale og lokale føringer	6
3.3.1 Kommuneplan (2008 – 2020).....	6
3.3.2 Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet (2009)	7
3.4 Andre planar og dokument	7
4 Visjon	7
Kunst og kultur for alle!.....	7
5 Aktuelle tema og problemstillingar for planarbeidet.....	7
5.1 Aktuelle verksemder og område	7
5.2 Sentrale spørsmål for diskusjon og avgrensing av planarbeidet.....	8
6 Organisering og planprosess	8
6.1 Organisering	8
6.2 Planprosess.....	8
6.3 Viktige datoar	9
7 Forslag til mal for plan.....	10

Forord

Formannskapet i Bø kommune har i møte 28.9.2009 vedtatt at det skal utarbeidast kommunedelplan for kunst og kultur i Bø kommune. Planen skal vere eit strategisk styringsdokument som synleggjer Bø kommune sin politikk på kunst- og kulturfeltet i eit tiårsperspektiv frå 2010.

Utval for kultur, idrett og miljø har peika aktuelle personar og institusjonar som ut i frå m.a. kompetanse og nettverk, saman skal utgjere ei kreativ og drivande kraft i planprosessen. Arbeidsgruppa sine viktigaste oppgåver vil vere å gjennomføre opplegget for medverknad, og drøfte, avklare og innarbeide innspel som kjem i høyringar/møte.

Lokalt kulturliv er i endring - og kulturaktørane sine evner til nytenking, forandring og omstilling vil vere sentrale faktorar for å lykkast. Håpet er at dette planarbeidet skal utfordre tradisjonell sektortenkning innanfor kulturlivet, og samstundes stimulere til ei nytenking omkring kommunens roller og etablerte former for samarbeid mellom ulike nivå og aktørar.

Bø er ei bygd i sterk vekst - eit faktum som stiller oss overfor andre krav og utfordringar enn distriktskommunar som slit med nedgang i folketalet. Kulturlivet i Bø er prega av eldsjeler, sterk dugnadsånd, mangfald, høg kompetanse, profesjonelle aktørar, sterk innovativ kraft og relativt god infrastruktur.

Arbeidsgruppe: Per Mangset, Finn Rønning, Torgeir, Straand, Guri Røsok, Heidi E. Kvale. Asle Fremgård og Kjell Stundal

Koordinator og sekretær: Einingsleiar kultur og fritid Hilde Pedersen og Kristian W. Rantala, student HiT

1 Planprogram

Planprogrammet er eit verkøy for å styrke tidleg medverknad og gode planprosessar. Programmet skal avklare rammer og premisser for arbeidet samt klargjere formålet med planen.

Planprogrammet skal leggest ut til offentleg ettersyn samtidig med at oppstart av kommuneplanarbeidet vert kunngjort. Planprogrammet vert fastsett etter det offentlege ettersynet og skal ligge til grunn for planarbeidet.

Etter § 4-1 i plan- og bygningslova skal det for alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan ha vesentlege innverknadar på miljø og samfunn, som ledd i varslinga av planoppstart utarbeidas eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

2 Bakgrunn for kommunedelplanen

Formannskapet i Bø kommune vedtok 28.09.09 i sak 74/09 på oppfordring av utvalet for kultur, idrett og miljø at arbeidet med kommunedelplan for kunst og kultur i Bø kommune verte sett i gang 01.11.09.

Kommunedelplanen for kunst og kultur i Bø kommune skal vere eit strategisk styringsdokument som synleggjer Bø kommune sin politikk på kunst- og kulturfeltet frå 2010. Planen har utgangspunkt i kommuneplanen for Bø Kommune (2009).

Planarbeidet er også sett i gang med tanke på implementering av Kulturlova (2007) i Bø Kommune.

Kulturlova syner det offentleges ansvar om føreseielege utviklingsvilkår for kulturfeltet i Noreg. Korleis ein best kan leggje til rette for dette, blir eit samarbeid mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Visjonen er at Noreg skal vere ein leiande kulturnasjon som vektlegg kulturdimensjonen i alle delar av samfunnet.

Bø kommune ønskjer å nytte kulturen som eit virkemiddel i arbeidet folkehelse, trivsel, og tettstads- og næringsutvikling. Kulturen skal få utvikle seg på eigne premisser, samtidig som Bø kommune syter for at krava frå kommunar i Kulturlova blir følgde.

Utdrag av kulturlova:

§ 1. "Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk".

§ 4. "Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt".

3 Føringer og referansar for planarbeidet

3.1 Nasjonale føringer

3.1.1 Lover

Kulturlova (2007)

Plan- og bygningslova (2008)

Arkivlova (1992)

Lov om folkebibliotek (1985)

Kulturskoleloven (§13-6 i Opplæringslova) (1997)

Lov om film og videogram (1988)

Lov om vaksenopplæring (2008)

3.1.2 Stortingsmeldingar

St.meld. nr. 48 (2002-2003): Kulturpolitikk fram mot 2014

St. meld. nr. 24 (2008-2009): Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv

St. meld. nr. 23 (2008-2009): Bibliotek

St. meld. nr. 49 (2008-2009): Framtidas museum

St. meld. nr. 10 (2008-2009): Knutepunkt

St. meld. nr. 21 (2007-2008): Samspill (Rytmask musikk)

St. meld. nr. 32 (2007-2008): Bak kulissene (Scenekunst)

St. meld. nr. 35 (2007-2008): Mål og mening (Språk og litteratur)

St. meld. nr. 8 (2007-2008): Den kulturelle skolesekken

St. meld. nr. 39 (2006-2007): Frivillighet for alle

St. meld. nr. 25 (2005-2006): Mestring, muligheter og mening (Den kulturelle spaserstokken)

St. meld. nr. 17 (2005-2006): 2008 som markeringsår for kulturelt mangfold (Vidareføring av kulturelt mangfold) + Rapport

St. meld. nr. 16 (2004-2005): Leve med kulturminner

St. meld. nr. 22 (2004-2005): Kultur og næring

Strategiplan – for kunst og kultur i opplæringen 2007-2010: Skapende læring

3.1.3 Lokalt kulturliv i endring

”Lokalt kulturliv i endring” (2009, Egeland og Villa) bygger på eit forskingsprosjekt om endringar i lokalt kulturliv som vart gjennomført i perioden 2007-2009, finansiert av Norsk Kulturråd. Føremålet med boka er å inspirere til refleksjon og debatt om lokalt kulturliv.

3.1.4 Rundskriv om satsing på barn og unge


Årleg rundskriv frå barne- og likestillingsdepartementet om regjeringas generelle satsing på barn og unge, som også inneheld rettesnorar for kulturelt arbeid med barn og unge.

3.1.5 Kulturløftet I & II (2005-2009 & 2009-2014)

Kulturløftet hever kulturens status som samfunns- og politikkområde. Regjeringa har

ein visjon om at Noreg skal være ein ledande kulturnasjon som legg vekt på kultur i alle delar av samfunnslivet. Kunst og kultur har stor verdi i seg sjølv. Samtidig har satsing på kultur stor betydning for andre samfunns mål som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet. Kulturløftet blei oppdatert av Arbeidarpartiet i valperioden 2009 til Kulturløftet II.

Kulturbevilgning i Noreg 2006-2009



3.1.6 Tilskots- og støtteordningar i regi av ulike nasjonale instansar

Departementa, Norsk Kulturråd, overskot frå Norsk Tipping, Musikkutstyrsordninga, Frifond, Trafo og støtteordningar frå Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar.

3.2 Regionale føringar

3.2.1 Bærekraftige Telemark

Telemark Utviklingsforum står bak ein regional planstrategi for Telemark, der kultur og frivillig arbeid forklarast som verktøy og verkemiddel som kan nyttas som ein del av arbeidet for å fremje ein haldbar utvikling av Telemark. Planen uttrykker fire temaområde:

- **Kunnskap, nyskaping og næringsutvikling:** kunnskapsbasert næringsutvikling, FoU, grunnopplæring, høgere utdanning, entreprenørskap, mm.
- **Klima og miljø:** utslippshåndtering, forvaltning av fornybare og ikke-fornybare natur- og kulturarvsressurser, vann, mm.

- **Attraksjonskraft og livskvalitet:** stedsutvikling, kultur, folkehelse, museer, bibliotek, frivillig arbeid, integrering, mm.
- **Infrastruktur og transport:** veg, jernbane, havn, kollektivtrafikk, bredbånd, mm.

Det er viktig at framtidig regionalt kulturarbeid blir gjort med ein bevisstheit om desse satsingsområda.

Planstrategien tek over for Fylkesplan for Telemark (2002-2005)

3.2.2 Midt- Telemarkrådet & Midt- Telemark Næringsutvikling

MTNU legger en del føringar politisk og administrativt i regionen.

Prosjektet *Attraktivt Midt- Telemark* inneheld ein del forslag om såkalla "grøne lunger" i sentrumsbilete i Bø, og da er det ønskeleg at ein tek høgde for dette i kommunedelplanen for kultur, spesielt med tanke på dei kulturelle utviklingsmoglegheitene for Evjudalen.

Midt- Telemark Næringsutvikling har utvikla ein strategisk næringsplan for Midt- Telemark i 2006 som verte rullera i 2009. Denne planen, saman med *Attraktive Midt- Telemark* syner ikkje berre kva ein skal sjå på for kulturfeltet i Bø kommune, men for heile regionen sett under eitt:

"Strategisk Næringsplan for Midt-Telemark 2009-2012 viderefører og videreutvikler første utgave av Strategisk Næringsplan for Midt-Telemark for perioden 2006-2009. Denne planen er retningsgivende for nærings- og utviklingsarbeidet i Midt-Telemark i åra som kommer, og skal bidra til å tilrettelegge for en ønsket utvikling for regionen.

Planarbeid gir anledning til et dypdykk i en regions styrker og utfordringer. Gjennom dette planarbeidet har vi fått en økt bevissthet rundt hva som er Midt-Telemarks gull. Den nære naturen og den sentrale beliggenheten, de tradisjonsrike linjene fra de gamle næringsveiene til vår tids moderne industri, fruktnering og kanalturisme. Og ikke minst: rausheten som regionen gir alle som ønsker å

delta og skape noe. Dette gullet skal vi verne om og utvikle.

Derfor har planen fått tittelen Nært, ekte og engasjerende midt i Telemark."

3.3 Kommunale og lokale føringar

3.3.1 Kommuneplan (2008 – 2020)

Kommuneplan for Bø kommune er det styringsdokumentet som gjer rammar for utviklingsarbeidet i kommunen.

Kommuneplanen er delt inn i to delar, arealdelen og samfunnsdelen:

Arealdelen av kommuneplan for Bø kommune legg føringar for utbygging i Bø Kommune. Spesielt interessant er føringar som ligg på utbygging av sentrumsnære område, samt område som er bandlagt for vidare utbygging, slik som bygg ramma av kulturminnelova og bygningsfredingslova. Sjå også kommunestyrevedtak 30.03.09 om avgrensing av Bø sentrum.

Samfunnsdelen i kommuneplan for Bø kommune nemner delar av kunst og kulturfeltet i hovudmål 1:

"Eit mangfaldig og rikt kultur- og organisasjonsliv er ei kjelde til trivsel og helse for innbyggjarane. Dette er viktig for busetnad, tilflytting og som positiv faktor i næringsutviklinga:

- a. Bø kommune skal som ein del av eit breitt kulturtilbod legge til rette for å ivareta lokal historie og kultur.
- b. I Bø kommune skal det leggest til rette for frivillige lag og organisasjonar.
- c. Bø kommune skal vere ein aktiv medspelar i å legge til rette for at idretts- og friluftslivet får ein sentral plass i folks kvardag.
- d. Gjennom planlegginga skal kommunen ha eit sterk fokus på estetiske kvalitetar på alle område.
- e. Kommunen skal prioritere trygge skulevegar gjennom å legge til rette

for eit gang- og sykkelvegnett som gjer det trygt både å gå og sykle i og til sentrum.

- f. Bø kommune er ein internasjonal kommune og skal ta konsekvensen av dette gjennom å arbeide for å fremje og stø opp under mangfaldet og at slik alle skal føle seg heime i lokalsamfunnet uavhengig av etnisk bakgrunn.
- g. I Bø kommune skal det leggst til rette for at dei sosiale møtestadene blir utvikla på ein slik måte at dei blir viktige for alle.

I Bø kommune skal det leggst til rette for at ein kan få utplassert kunst i dei offentlege romma. Dette vil kommunen gjere slik at Bø blir ein trivelegare plass å vere både for egne innbyggjarar og dei som kjem til Bø som turistar.”

3.3.2 Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet (2009)

Bø kommune vedtok i 2009 kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, lagt fram av eining for kultur og fritid i 2008. Denne planen utelet dermed idrett og fysisk aktivitet frå den generelle kulturplanen for kommunen, sjølv om det politisk sett er område som gjeng inn under kulturfeltet. Det er derimot ikkje nedfelt føringar for korleis en kan knytte band mellom kulturplanen og planen for idrett og fysisk aktivitet. Her er også friluftsliv representert, og slik sett kan ein også avgrense dette feltet frå kulturplanen, men med dei same innstillingane om at ein kan knytte kulturen opp mot friluftslivet.

3.4 Andre planar og dokument

Opptrappingsplan for musikkskulen (2007)

Den kulturelle skulesekken – Lokal handlingsplan 2008- 2011

Samarbeidsavtale med Bø museum/Telemark museum

Eigarskapsavtale og andre diverse avtaler med Gullbring Kulturanlegg A/S

Retningslinjer for kunstnerisk utsmykking i offentlege rom – vedtak i kommunestyret

Avtale med Høgskulen i Telemark og stiftelsen Studentkroa i Bø om Det Plutselege Øvingslokalet (DPØ)

Avtale om skate-anlegg med Bø Skateforening
Samarbeidsavtale om musikkskolar i midt-Telemark

Avtale med lokale lag og foreiningar om kjøp og sal av tenester.

4 Visjon

Kunst og kultur for alle!

5 Aktuelle tema og problemstillingar for planarbeidet

5.1 Aktuelle verksemder og område

Bibliotek

Kino

Kulturskole

Kulturhus/arenaer

Kunstgalleri

Museum

Aktivitet/innhald/tilbod

Barne- og ungdomskulturen

Festivalar

Frivillig verksemd/lag/organisasjonar

Forsking/utdanning

Kommersielle aktørar/arrangørar

Kompetanse/nettverk

Kulturelt mangfald

Kulturminnevern

Profesjonelle utøvarar og entreprenørar

Studentkulturen

Meir utfyllande beskrivingar av kvart felt i plangrunnlaget seinare i prosessen.

5.2 Sentrale spørsmål for diskusjon og avgrensing av planarbeidet

1. Korleis syte for at *alle* innbyggjarar har gode tilbod m.o.t. tilgjengelegheit, eigenaktivitet og opplevingar?
2. På kva måte kan infrastruktur/arenaer som tener kulturlivets behov forbehold?
3. Korleis kan Bø kommune ivareta den viktige rolla som tilretteleggjar for kunst og kultur?
4. Korleis forbetre rammevilkår for kunstnarar/utøvarar, kompetansemiljø, kulturentreprenørskap og forskning?
5. Korleis kan vi sikre eksisterande tilbod og styrke rekruttering?
6. Kva er dei beste innfallsvinklar til planarbeidet for å sikre heilskap, langsiktighet og gode prioriteringar?

6 Organisering og planprosess

6.1 Organisering

Politiske organ: Formannskapet og KIM-utvalet

Koordinator og sekretær: Hilde Pedersen
Einingsleiar kultur og idrett, Kristian W. Rantala, Student HiT.

Arbeidsgruppe: Per Mangset, Finn Rønning, Torgeir Straand, Guri Røsok, Heidi E. Kvale, Asle Fremgård og Kjell Stundal

Medverknad:

Det er ønska ein stor grad av medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet. Ein vil oppfordre lag og organisasjonar til å delta på opne møte. Personar i arbeidsgruppa oppfordras til å nytte seg av sitt nettverk og omgangskrets for konkrete innspel og problemstillingar.

6.2 Planprosess

1. Avklaring av planens virkeområde – arbeidsgruppa utarbeider planprogrammet som godkjennast av formannskapet og leggast ut til offentleg ettersyn i 6 veker.
2. Oversikt over eksisterande tilbod og registrering av behov – administrasjonen utarbeider eit bakgrunnsdokument på bakgrunn av medverknadsprosessar som t.d. framtidswerkstad, nettverksmøte, avtaleverk, politiske vedtak og anna.
3. Evaluering/vurdering og prioritering - innspel frå høyring, arbeid i arbeidsgruppa, diskusjonar i KIM-utvalet, endeleg beslutning i formannskapet.
4. Arbeid med handlingsprogram for ein periode på 4 år – handlingsprogrammet utarbeidast på bakgrunn av dei prioriteringane som gjerast i pkt. 3.
5. Høyring planprogrammet, første planutkast og siste planutkast skal leggast ut på høyring.
6. Vedtak – endeleg vedtak gjerast i kommunestyret i første møte i 2011.

6.3 Viktige datoar

Dato		Ansvarleg
03.09.09	Ønskje om utarbeiding av kommunedelplan for kunst og kultur	KIM-utval
28.09.09	Vedtak om utarbeiding av kommunedelplan for kunst og kultur	Formannskapet
01.11.09	Igangsetting av planarbeid	Einingsleiar kultur
12.11.09	Oppnemning av arbeidsgruppe	KIM-utval
07.01.10	Orientering i KIM-utvalet	Einingsleiar kultur
Veke4/5	Utarbeiding av planprogram, godkjennast av KIM-utvalets medlemmer	Arbeidsgruppe
18.02.10	Planprogram og behandlast i KIM-utvalet	Einingsleiar kultur
01.03.10	Varsel om oppstart – planprogrammet leggst ut på høyring	Einingsleiar kultur
09.04.10	Møte i arbeidsgruppa – oppsummering høyring	
15.04.10	Framtidsverkstad	
26.04.10	Fastsetting av planprogram i Formannskapet	
20.05.10	Planutkast i KIM-utvalet	
11.06.10	Planutkast første gangs behandling i formannskapet – leggst ut på høyring i 6 veker	
Oktober 2010	Folkemøte	
November 2010	Andregongs behandling i formannskapet	
Februar 2011	Sluttbehandling i kommunestyret	

7 Forslag til mal for plan

Kommunen har lagt fram eit forslag til eit skjelett som dei ulike planane kan byggje på. Politikarar og publikum bør kjenne att struktur og gjerne grafisk profil frå plan til plan.

- Samandrag og konklusjonar
- Innleiing
 - Generelt om kommuneplanlegging
 - Avgrensing av planområdet
 - Planprosessen
 - Føresetnader og rammer for planarbeidet
- Status i dag – eksisterande planstatus og resultatoppnåing frå førre plan
- Langsiktige mål og visjonar – tilknytning til andre planar:
 - Samfunnsdelen og arealdelen
 - Økonomiplanar
 - Andre planar
 - Regionale planar, nasjonale mål og statlege verkemiddel
- Viktige problemstillingar og hovudutfordringar
- Strategi for å nå måla – vurdering av alternative strategiar der det er mogleg
- Tiltak og framdrift (handlingsplan som rullerast årleg)
- Økonomiske konsekvensar
- Vedlegg: Bakgrunnsinformasjon og – data; Faktadel.